



Nordre Holsnøy hjortevald v/ Sigve Eldøy

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1045 - 17/9583

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

11.05.2017

Godkjenning av søknad om endring av vald frå Kårbø til Nordre Holsnøy

Administrativt vedtak. Saknr: 131/2017

Saksutgreiing:

Nordre Holsnøy hjortevald v/ Sigve Eldøy og Rune Nilsen søker i søknad journalført 02.05.2017 om endring av valdet Nordre Holsnøy. Dei søker om å få utvida valdet med 243 daa. Rune Nilsen er grunneigar av Gbnr. 52/7 og ynskjer å bytte vald frå Kårbø hjortevald til Nordre Holsnøy. Valdets areal ved ein godkjenning vil bli 23002 daa. Nordre Holsnøy har i dag eit teljande areal på 22759 daa.

Vurdering:

Søker har tatt med areal med eigedomens del i felles utmark, basert på skyldskifte, og lagt dette til grunn for omsøkt areal. Etter § 8 i forskrift om forvaltning av hjortevilt er hovudregelen at skogareal og myr er å rekna som teljande areal. Vidare kan kommunen godkjenna anna areal som teljande areal, der disse har stor verknad på den vedkommande arten. Dette er grunnlaget for administrasjonens vurdering av søknaden.

Administrasjonen meiner det kan være uheldig at små vald blir mindre, då det kan gi små areal som ikkje femner om hjortens arealbruk. Men administrasjonen har lagt vekt på at grunneigar har nyleg tatt over bruket og at grunneigar eig/disponerer areal i Nordre Holsnøy, og at det difor er praktisk at alt areal er i same vald. Administrasjonen har sett over omsøkt areal og skyldskifte for å berekne arealet.

Administrasjonen ser at areal storleiken stemmer, men at det ikkje er tatt ut bebygd areal som ikkje kan godkjennast som teljande areal. Administrasjonen vil trekke i frå 2 daa som er bebygd og ikkje kan godkjennast.

Arealet som kan godkjennast vil ikkje medføra store endringar i tal dyr som kan løyvast til Nordre Holsnøy eller Kårbø. Minste arealet i Meland kommune i dag er på 400 daa og praktiserast på 600 daa etter 50%-regelen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Etter ein samla vurdering vil administrasjonen godkjenne endring i Nordre Holsnøy hjortevald. Endringa inneber ein auke på 241 daa i valdets teljande areal, samla areal for valdet etter endring vil vere 23000 daa. Kårbø hjortevalds teljande areal vil bli justert som følgje av endringa.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner 241 daa som teljande areal til vald Nordre Holsnøy. Arealet blir lagt til tidligare godkjent areal for valdet. Samla areal for vald Nordre Holsnøy blir etter dette 23000 daa.

Vedtaket har heimel i §§ 8 og 11 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Nordre Holsnøy hjortevald v/ Sigve
Eldøy, Rune Nilsen